

OPUS Bergen AS
Strandgt. 59
5004 Bergen

Bergen, 7.2.2018

Innspel til planarbeid for prosjekt P15080 (Lilandsjordet)

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har fått varsel om oppstart av planarbeid etter Plan- og bygningslova §12-8 for Lilandsjordet, gnr. 111, bnr 3 m.fl. i Ytrebygda bydel, Bergen kommune, på eit totalt 554.4 stort areal sør for Flyplassvegen mot Lilandsvegen. Planområdet var i KPA 2010-2021 avsett til LNF-område, men blei i den endelege BLÅE-planen 27.9.17 endra til industri og lager (I/L6).

Som kjent har det vore strid om denne planen, og både Fylkesmannen og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland, der NVH er med, har uttalt seg kritisk. FNF Hordaland har også levert ein klage over BLÅE-vedtaket i Bergen bystyre, fordi det er i strid med nasjonale målsettingar om jordvern. Dessutan har mindretalet i bystyret levert krav om lovlegheitskontroll fordi det etter deira – og vår – mening var blitt gjort sakshandsamingsfeil då den siste endringa i BLÅE-planen blei lagt fram – i tillegg til at planen altså er i strid med både nasjonale og kommunale mål om jordvern (sjå vedlegg). Innmarka på Liland er noko av den beste landbruksjorda i Bergen, og den beste i Ytrebygda. For å understreka alvoret i saka, vil vi gjerne koma med litt bakgrunnsinformasjon om jordvern (sjå vedlegg) og minna om at det frå før er stor mangel på dyrka jord i Norge, og ikkje minst i Hordaland og Bergen. Arealet på Liland som vil bli omdisponert til næringsformål ved denne reguleringsplanen, er på over 550 mål. For mindre enn 40 år sidan, i 1979 var nesten alt dette (520 daa) dyrka mark, i følgje Fana bygdebok (sjå også foto-dokumentasjon i kulturminnedelen av BLÅE-planen). I dag har halvparten av dette grodd igjen med skog og myr, fordi drifta på deler av Liland er nedlagt, men kan lett koma i produksjon igjen dersom drifta blir teken opp att. Dette gjeld særleg den delen som er nærast Flyplassvegen. Området oppover i Lilandshaugen har edellauvskogpreg med høgt artsmangfald, og dessutan ein viss kulturhistorisk verdi fordi det stod ei kyrkje her i middelalderen, og Lilandshaugen var stemneplass på store høgtider, t.d. på 17. mai, før 2. verdskrig.

Fylkesmannen har heilt frå planarbeidet starta opp i 2010 stått på dei nasjonale målsettingane om jordvern, som seier at «*Sammenhengende landbruksområde må tas vare på og sikres som produksjonsareal for fremtiden, uavhengig av hvilken landbruksdrift det er på arealene i dag. Det er i samfunnet sin interesse at jordvernet løftes opp som tema.*» Han påpeikar også i brev så seint som 4.3.15 at det samla arealet dyrka mark som går tapt ved BLÅE-planen er på 430 daa, og dersom også dyrkbar mark blir teke med, er arealet på over 1 000 daa. Dette er meir enn 10% av den årlege avgangen som Stortinget har sett som øvre grense fram til 2020. Planen er også i strid med Bergen kommune sine eigne mål for jordvern. I Grøntplan for Bergen 1992 heiter det såleis «*Landbruksområdene sør for Flyplassvegen med Liland, Blomsterdalen, Håvardstun, Espeland og Grimseid er kjerneområder for landbruket i Bergen*», og så seint som 2.2.17 vedtok byrådet Handlingsplan for landbruket i Bergen med følgjande retningslinjer: «*Omdisponering av landbruksareal til andre formål skal som grunnregel ikke skje, da jord er en ikke-fornybar ressurs. Det er også viktig å opprettholde beitebruk med småfe for å hindre gjengroing og ta vare på biologisk mangfold.*» Handlingsplanen seier og at i samband med KPA-rullering må «*gode og ennå urørte landbruksarealer*» få eit særleg og tydeleg vern». I samband med dette blei Liland nord tilbakeført til LNF-område i byrådet 26.1.17. Då dette vedtaket blei omgjort 27.9.17 var det difor i strid med både kommunale og nasjonale målsettingar. Dette var bakgrunnen for klagen vår gjennom FNF-Hordaland til kommunal- og arbeidsdepartementet (vedlegg) og til at saka har blitt tatt opp som grunngitt spørsmål i Stortinget av Nils T. Bjørke (SP).

Som argument for omgjeringa av vedtaket om Liland i BLÅE-planen, som endrar statusen av Liland frå LNF-område til næringsområde, blir det frå Plan- og bygningsetaten vist til behovet for areal til plasskrevjande industri som må flytta frå Mindemyrane i samband med utbygginga der. Det blir hevda frå Bergen kommune at det blir så mykje matjord som må flyttast på at det ikkje er plass til det innanfor planområdet. Naturvernforbundet Hordaland stiller difor spørsmålet om det hadde vore ein betre strategi å bruka rulleringa av kommuneplanen til å finna andre, uproduktive område, som vi veit finst i Ytrebygda, der ein kan ha plasskrevjande industri utan å måtte ta i bruk produktiv landbruksjord og flytta matjord. Naturvernforbundet Hordaland meiner også prinsipielt at det er lite framsynt politikk å rasera dyrka mark for å gi plass til arealkrevjande bilforretningar, som er med og fører til auke i utsleppet av klimagassar, både ved produksjon og drift.

I følge BT av 18.1.18 har byrådet i Bergen nyleg vore i forhandlingar med fylkesmannen etter at han i oktober varsla at han kunne koma tå klaga heile BLÅE-planen inn for regjeringa, noko som vil kunna forlenga heile saksprosessen. For å unngå dette, kan det i følge BT-reportasjen vera ei løysing frå Bergen kommune si side å tilbakeføra noko av jordbruksarealet på Liland til LNF-område i samband med KPA-planarbeidet. Det viser seg nemleg at det reelle arealbehovet til dei fem bedriftene på Mindemyrane som må flytta, og som det skal utarbeidast detaljplan for, er på godt under halvparten av det totale arealet i planen. Det aktuelle området ligg langs Flyplassvegen og er samstundes den delen av Liland som er mest tilgrodd. Resten av Liland er fullverdig landbruksjord som for ein stor del (bruk 1 og 2) er i drift.

Konklusjon

Naturvernforbundet Hordaland sitt primære standpunkt er at heile Liland må tilbakeførast til LNF-område, og at Bergen kommune finn alternativt areal på uproduktiv mark til dei bedriftene som må flytta. Men dersom forhandlingane med fylkesmannen fører til at ein større del av området blir tilbakeført til landbruksområde, ønskjer vi at dei sørlege og vestlege delene av planområdet (bruk 1 og 2) blir prioritert til dette, sidan det er her den mest verdfulle jorda fins. Vi minner også at det gamle klyngetunet på Liland med tunstadene for bruk 1, 3 og 5 og det som er igjen av Lilandshaugen bør vernast mot utbygging. Vi minner også om verdien av å ha tilgjengelege grøntområde i tilknytning til Liland skole og bustadområda kring Blomsterdalen, etter flyplassutbygginga.

Naturvernforbundet Hordaland

Øystein Heggebø
leiar

Oddvar Skre
sakshandsamar

Vedlegg

- Varselbrev og kart
- Notat om jordvern
- Klage frå FNF-Hordaland på BLÅE-planen
- BT 18.1.2018